
Fra: KS Sogn og Fjordane <frode.kyrkjebo@ks.no> <svarer-ikke@dss.dep.no>

Sendt: 14. juni 2018 08:55

Til: postmottak SD

Emne: 17/1689- - Høringsuttalelse fra KS Sogn og Fjordane - Høring - Rapport frå Statens vegvesen ("Fra sams og samling") om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane 1.1.2020 - via regjeringen.no

Referanse: 17/1689-
Høring - Rapport frå Statens vegvesen ("Fra sams og samling") om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane 1.1.2020

Høring:

Levert: 14.06.2018 08:55

Svartype: Med merknader

Kontakt avsender: KS Sogn og Fjordane

Kontaktperson: Frode Kyrkjebø

Kontakt-e-post: frode.kyrkjebo@ks.no

Tittel: Høyringsfråsegn om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå statens vegvesen til fylkeskommunane

Uttalelse:

Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane har handsama sak om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. KS Sogn og Fjordane vil gje følgjande høyringsfråsegn til rapporten "Fra sams og samling":

- Det vert lagt til grunn at regjeringa og Stortinget følgjer opp og syter for å gjennomføre Stortingets vedtak om overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane.
- Overføring av ansvaret for fylkesvegadministrasjonen til fylkeskommunane er i tråd med det finansielle ansvarsprinsippet: det myndigheitsorgan som har ansvar og avgjerskompetanse for ei oppgåve skal og ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
- Eigen vegadministrasjon vil styrke fylkeskommunanes samfunnsutviklarrolle.
- Eigen vegadministrasjon vil gjere det mogleg å sjå regionale samferdselsoppgåver i samanheng.
- Fylkeskommunen må involverast i det framtidige utgreiingsarbeidet.

- Det fortsettast at statlege oppgåver som overførast vert fullfinansiert.
- Statens vegvesen eigen utredning om erfaringar frå andre land bør takast med i det vidare arbeidet.
- God samhandling mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane vert viktig for gjennomføringa av reforma. Særleg for å møte framtidig nye tilsette i fylkeskommunane på ein gode måte og koordinere oppbemanning i fylkeskommunane og nedbemanning i Statens vegvesen.

Vedlegg: -